



Møtebok for Utval for levekår

Møtedato: 07.02.2017
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09.00 - 14.45

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Utvalsleiar
Stian Lavik	KRF	Nestleiar
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Are Nygård	AP	Varamedlem
Roy Tore Skaar	FrP	Varamedlem
Charles Lindberg	Uavh	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Beate Seveline Eknes	V
Tom Inge Karlsen	AP
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh

Desse møtte frå administrasjonen:

Helge Kvam

Samfunnsplanleggjar Kristin Nåmdal i sak 04/2017

Leiar kultur Eirik B. Utne i sak 05/2017 – 07/2017

Dagleg leiar Meland Frivilligsentral Nina Randal i sak 06/2017 – 07-2017

Prosjektleiar Ronny Landaas i sak 08/2017

Skulefagleg rådgjevar Reidun Johannessen i sak 09/2017

Sakliste

Saknr	Tittel
01/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
02/2017	Godkjenning av møtebok
03/2017	Referatsaker
04/2017	Temaplan for barn og unge- oppstartsmelding
05/2017	Søknad om spelemidler til lokale kulturbygg, rehabilitering av kjøkken på Vonheim, anleggsnr. 1256004801
06/2017	Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom
07/2017	Frivilligmelding
08/2017	Informasjon om planar for uteområde ved Sagstad skule
09/2017	Aktuelle saker

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		17/31

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
01/2017	Utval for levekår	PS	07.02.2017

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Utval for levekår - 01/2017

ULK - behandling:

ULK - samrøystes vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		17/31

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
02/2017	Utval for levekår	PS	07.02.2017

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Utval for levekår - 06.12.2016

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

Utval for levekår - 02/2017

ULK - behandling:

ULK - samrøystes vedtak:

"Møtebok vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		17/31

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
03/2017	Utval for levekår	PS	07.02.2017

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
03/2017.1	Høyring - endringar i barnehagelova
03/2017.2	Rapport - Kontroll av salsløyve - KIWI
03/2017.3	Rapport - Kontroll av salsløyve - REMA 1000
03/2017.4	Rapport - Kontroll av skjenkeløyve - Sjøslaget
03/2017.5	Referat - møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland 8.desember 2016
03/2017.6	Rett til barnehageplass for barn fødd i november
03/2017.7	Ungdata-undersøking 2017

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Utval for levekår - 03/2017

ULK - behandling:

Stian Lavik (Krf) etterlyste høyringa: "Forslag til forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager" - Frist 15.03.17.

ULK - samrøystes vedtak:

"Meldingane vert tekne til orientering."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FE - 144, TI - &76	17/194

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
04/2017	Utval for levekår	PS	07.02.2017

Temaplan for barn og unge- oppstartsmelding

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Planstrategien peiker på at kommunen skal utarbeide ein temaplan for barn og unge.

Kommuneplanen sine mål og delmål knytt opp mot barn og unge vert førande for arbeidet med temaplan for barn og unge.

Meland skal ha ein god skule med læring og trivsel for alle

Meland kommune skal sikra at alle barna har tilbod om barnehageplass av god kvalitet

Det skal leggjast til rette for kulturtilbod for barn og unge

Kulturskulen skal legge til rette for ei opplæring som fremjar glede i skapande verksemd, personleg vekst og kunstnarisk utvikling

Det skal leggjast til rette for uformelle møteplassar

Vi vil ha auka satsing på friluftsliv i skule, SFO og barnehage

Vi skal gje barn og unge best mogeleg tilbod for å førebyggje fysiske og psykiske sjukdommar

Vi skal styrke skulehelsetenesta

Vi vil leggje til rette for at barn/barnefamiliar med særskild trong for hjelp får ein betre kvardag og trygge oppvekstvilkår

Det skal og setjast inn ressursar på tverrfagleg arbeid for at ungdom ikkje fell

utanfor skulelivet, og gjennomfører skulen og får deltaking i arbeidslivet.

Det må leggjast tilrette for å sikra barn sine leikeområde i nærmiljøet

Formål med planen

Plan for barn og unge i Meland skal vere ein strategisk og overordna temaplan. Hovudmål og strategier i kommuneplan skal vere retningsgjevande i planarbeidet. Planen skal og koblast mot øvrige planar.

Nokre premisser for planlegging for gode oppvekstvilkår for barn og unge

Det norske samfunnet er meir globalisert og kulturelt mangfoldig.

Bumiljø handlar om det fysiske, kulturelle og sosiale.

Meland er i stor vekst som kan bety endring i stadkjensle og identitet.

Barnefamiljar ser forskjellige ut og har ulike ynskjer.

Å velge buplass for barn er å velge barndom for dei som kan velge.

Klasseforskjell og ulikskap aukar.

Arbeidsmål med planarbeidet

Planen skal vere med å sikre gode oppvekstvilkår og nærmiljø for alle barn og unge.

For barn og unge i Meland betyr dette

Vi har attraktive og utviklande oppvekstmiljø i heile kommunen.

Vi har eit variert og godt kultur og idrettstilbod for barn og unge.

Barn og unge i Meland tek initiativ og er med å legge premisser for kvardagen sin.

Foreldre og føresetter deltek aktivt i barna sin kvardag i barnehage, skule og fritid.

Vi har gode sosiale møteplassar.

Vi skal ha tiltak som byggjer og styrker stadsidentitet.

Kva skal planen vere?

Barn lever sine liv på fleire arenaer som gjensidig påverkar kvarandre. Eit godt og inkluderande lærings- og oppvekstmiljø i barnehage, skule og i samfunnet er ein viktig del av oppveksten. Barn og unge fortener og eit kultur og fritidstilbod der dei kan oppleve, vere kreative og utvikle seg uavhengig

av bakrunn.

Planen skal og vere med å gje barn/unge hjelp til å ikkje falle utanfor, men ha strategiar for gode tilbod, lokalmiljø og stadtilknyting. Tverrfagleg samarbeid, tidlig innsats, fysisk aktivitet og familieperspektivet skal løftast fram som innsatsområder i planen. Alle som arbeider med barn og unge må samarbeide og samkjøre innsatsen for å gje barn ein god oppvekst.

Avgrensing

Planarbeidet vil omfatte barn og unge i aldersgruppa 0-19 år. Denne aldersgruppa utgjer ca. 60% av innbyggjarane i kommunen.

Barne- og ungdomsplanen skal vere overordna planar som handlar om barn og unge i kommunen, med ein heilskapleg tilnærming. Målet er å sjå heile oppvekstløpet for ulike grupper av barn og unge.

Planarbeidet vil ikkje gå i detaljer i dei ulike spesifikke fagområda, men peike på nokre strategier som fagområda må arbeide vidare med knytt opp mot ein overordna kontekst.

Korleis skal vi få dette til ?

Planen skal sikra overbygging/samordning av planer som omhandlar barn og unge i kommunen. I Meland er det fleire planer som innan sin sektor og handlar barn og unge sine oppvekstvilkår. Til dømes: Folkehelsemelding, Faktagrunnlag for planstrategi, Temaplan for idrett, friluftsliv og folkehelse, Helse og omsorgsplan, Verksemdsplan for skulane og Barnehageplan for Meland.

Det blir ein del av planarbeidet å bruke kjent kunnskap og samordne det vi har i dag. Tverrfagleg samarbeid i arbeidet med planen er nøkkelen for å få ein god plan.

Då treng vi:

Samordning av eksisterande planar

Kunnskap for å peike ut satsingsområder

Samarbeid mellom fagområda

Strategiar for å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge

Plantema

Samordning av eksisterande planer

Kartlegging og gjennomgang av eksisterande planverk som handlar om barn og unge.

Samordning av planar, vurdere korleis det vert lagt til rette for samordning og samarbeid mellom ulike tenester, med tanke på heilskap og samanheng.

Identifisere eventuelle områder som ikkje inngår i eksisterande planverk.

Kunnskap for å peike ut satsingsområder

Faktabasert analyse av barndom i Meland, ved bruk statistikk og til dømes bruk av Ungdata.

Ha ei samla oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar for barn og unge.

Kartlegge korleis vi tek imot våre nye landsmenn og tilflyttare. Kva ordningar/rutiner har vi for integrering i Meland for dei unge?

Bruk av frivilligmelding og anna relevant data frå kultur for å få fakta om barn sitt kultur og idrettsbruk

Strategiar for å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge

Korleis skape gode sosiale rom med medverknad og brukar-/ungdomsstyrte initiativ?

Korleis gje eit godt og variert kultur og idrettstilbod til barn og unge?

Korleis bruke kultur, idrett og frivillighet for å skape eit godt samfunn for barn og unge?

Korleis samordne ressurar i skule og barnehage for å gje eit samordna tilbod?

Framlegg til handlingsplan, prioritering, kostnader skal inn i økonomiplan.

Målgruppa for planen/ bruk av planen

Målgruppa for planen er alle som arbeider i kultur, oppvekst, helsesektor og politikere. Planen skal vere eit arbeidsreidskap for vidareutvikling og samordning av teneste mellom kultur, helse, og oppvekst. Plan for barn og unge skal bidra til systematisk og målretta arbeid for å sikre barn og unge eit godt og inkluderende lærings- og oppvekstmiljø i barnehage, skule og i samfunnet. Samarbeid og samhandling med frivillig sektor er sentralt.

Tidlig innsats og å nytte ressursene på ein god og økonomisk måte er viktig. Alle som arbeider med barn og unge må snakke saman og samkjøre innsats for å gje barn ein god oppvekst. Tverrfagleg samarbeid, tidlig innsats, fysisk aktivitet og familieperspektivet skal løfast fram som innsatsområder.

Medvirkning

Det skal sikrast aktiv medverknad fra barn og unge, og grupper som krev spesiell tilrettelegging jmf § 5-1 (Plan- og bygningslova). Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte skal sikrast gode muligheter for medvirkning på anna måte. Ungdomsrådet vert deltakar i planarbeidet.

Styringsgruppe

Utval for levekår er politisk styringsgruppe. Rådmann er prosjektansvarleg, samfunnsplanleggjar er prosjektleiar.

Planen ein temaplan og skal vedtakast av kommunestyret.

Organisering av planarbeidet

Prosjektgruppe med folk frå :

- Kultur
- Rådgjever skole/ barnehage
- Helse

Konklusjon

Arbeidet med temaplan for barn og unge vert sett i gang, Utvalg for levekår er styringsgruppe.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune startar opp arbeidet med temaplan for barn og unge. Utval for levekår er styringsgruppe for planarbeidet.

Utval for levekår - 04/2017

ULK - behandling:

ULK - samrøystes vedtak:

"Meland kommune startar opp arbeidet med temaplan for barn og unge. Utval for levekår er styringsgruppe for planarbeidet."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FE - 243	17/220

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
05/2017	Utval for levekår	PS	07.02.2017
	Kommunestyret	PS	

Søknad om spelemidler til lokale kulturbygg, rehabilitering av kjøkken på Vonheim, anleggsnr. 1256004801

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ungdomslaget Von skal rehabilitere kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr 1256004801, og har sendt inn søknad om spelemidler lokale kulturbygg datert 26.1.2017. Totalkostnaden er på kr 823 685 og ein kan søkje om inntil 1/3 over ordninga. Frist for endeleg innsending til Hordaland fylkeskommune er 15.3.

Vurdering

Vonheim er eit viktig og tradisjonsrikt lokalt kulturbygg og forsamlingshus lokalisert i den vestlege delen av Holsnøy. Bygget er eigd av Ungdomslaget Von, skipa i 1901. Dei eldste delane av bygget er oppunder 100 år, og har vore gjennom fleire reoveringar og utvidingar gjennom åra. I dag rommar bygget sal med scene, toaletter, garderobe, kjøkken og andre mindre rom og lager. Bygget har vorte nytta av musikklag og til lokalteater, og vert i dag mellom anna nytta til barne-, ungdoms- og fritidsklubb, konsertar og samlingar, filmframsyningar, revy, markeringar og utleige. Lokalsamfunnet tek godt vare på huset sitt.

Kjøkkenet er svært mykje nytta og er viktig for den levande mattradisjonen i bygda, der lokale matrettar vert nytta etter gamle oppskrifter både ved mindre og større tilskipingar. Ei framsynt modernisering og rehabilitering av kjøkkenet vil vere til stor nytte for det lokale kultur- og samfunnslivet i denne delen av kommunen. Eit moderne kjøkken vil auke høva for å kunne vidareføre lokale mattradisjonar, og kan i større grad gi høve til å involvere og inkludere nye deltakarar. Økonomien i UL Von er god, men det er naudsynt med eit moderne kjøkken for å kunne oppretthalde utleigen og bruken av Vonheim. Drifta av huset er avhengig av utleige.

Tiltaket har ein totalkostnad på kr 823 685 og skal finansierast ved spelemidler kr 274 561, dugnad kr 201 727, lån kr 247 397 og eigenkapital kr 100 000. Søkjar har mellomfinansiering på spelemiddeldelen av finansieringsplanen.

Søkjær har levert behovsoppgåve og prosjektskildring, fagmessig utførte teikningar, detaljert kostnadsoverslag med dokumentasjon, plan for drift og dokumentasjon på finansiering, eigerskap og hefter. Søknaden vert frå kulturtenesta si side vurdert til å oppfylle dei formelle krava for å kunne kvalifisere til spelemidlar lokale kulturbygg, og til å vere i tråd med føremålet til ordninga.

Folkehelse

Levande, inkluderande og sterke lokalsamfunn er svært viktig for folkehelsa

Miljø

Ikkje vurdert særskild i saka

Økonomi

Tiltaket vil ikkje påverke kommuneøkonomien

Konklusjon

Rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim vil styrke bygget som kultur- og samlingshus. Ungdomslaget Von vil òg stå betre rusta for framtida, som den viktige sosiale og kulturelle aktøren laget er i denne delen av Meland kommune.

Framlegg til vedtak:

«Ungdomslaget Von sin spelemiddelsøknad over ordninga til lokale kulturbygg, til rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr. 1256004801, på kr 274 561 eller 1/3 av totalkostnad på kr 823 685, vert stadfesta og får prioritet 1 for søknadar på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg for tiltak i Meland kommune»

Utval for levekår - 05/2017

ULK - behandling:

Endringsframlegg i møte frå Sølvi Knudsen (Sp):

"Kommunestyret stadfestar at Ungdomslaget Von sin spelemiddelsøknad over ordninga til lokale kulturbygg, til rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr. 1256004801, på kr. 274 561 eller 1/3 av totalkostnad på kr. 823 685 får prioritet 1 for søknadar på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg for tiltak i Meland kommune."

Endringsframlegget vart **samrøystes vedteke**.

ULK - samrøystes vedtak:

"Kommunestyret stadfestar at Ungdomslaget Von sin spelemiddelsøknad over ordninga til lokale kulturbygg, til rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr. 1256004801, på kr. 274 561 eller 1/3 av totalkostnad på kr. 823 685 får prioritet 1 for søknadar på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg for tiltak i Meland kommune."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nina Randal	FE - 233, FA - C00	17/89

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
06/2017	Utval for levekår	PS	07.02.2017

Nasjonal tilskottsordning mot barnefattigdom

Vedlegg:

Vurdering knutepunktsgruppa
Vedtaksbrev(1)
Evalueringsskjema Bufdir
Sommaraktivitetar
Kultur på kort
Hengestedet
Film i bygden

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I november lyste Barne, ungdoms og familiedirektoratet (BUFDIR) ut midlar mot barnefattigdom.

Meland kommune opplever utfordringar der stadig fleire av innbyggjarane opplever å bli arbeidsledig grunna oljekrisa og ringverknadene som følgjer. Dette fører til utfordringar for mange, og særleg dei langtidsledige som blir fleire for kvar månad. Frå desember 2015 til desember 2016 har antal arbeidsledige auka med 7 % i Meland. I tillegg kjem ledige med nedsett arbeidsevne. Mange barn blir ramma indirekte gjennom familien sin økonomi og då er det særleg viktig at ein kan legge til rette for at barn får tilrettelagt mulighetar for å delta på viktige sosiale arenaer som ferie og fritidsaktivitetar.

Formålet med tilskuddsordningen er å motvirke og/eller dempe konsekvensene av fattigdom blant barn og ungdom.

Tilskuddsordningen skal være et virkemiddel for å bedre mulighetene for at flere barn og ungdom skal få delta på viktige sosiale arenaer, som ferie- og fritidsaktiviteter, uavhengig av foreldrenes inntekt og sosiale situasjon.

Det skal ikke stilles krav om kunnskap, politisk ståsted eller religiøs bakgrunn for å delta.

Tilbudet skal så langt det er mulig ha lave eller ingen kostnader.

Det er et mål at tiltakene i tillegg til å oppfylle formålet også bidrar til et mer inkluderende fritidsmiljø.

For at søknadane frå Meland skal vera støtteberettiga er det eit krav at kommunen har ein knutepunktstfunksjon. Denne funksjonen er knytta til tenestoområde kultur ved Frivilligsentralen.

Frivilligsentralen kallar inn NAV, barnevern, PPT, skulerådgjevar, helsestasjon og psykisk helse som som saman utgjer knutepunktsgruppa. Kommunikasjon med frivillig sektor skjer gjennom Frivilligforum som har møter to gonger i året, samt jamnleg dialog.

Søknadane skal vurderast og prioriterast administrativt og politisk. Det skal leggjast til rette for at barn og ungdom kan delta og ha innflytelse i prioriteringa.

Knutepunktsgruppa set først opp ei prioritert liste med vurdering, før lista blei presentert i Ungdomsrådet for innspel 19.januar. Etter at lista med endeleg prioritering og grunngjeving er politisk behandla skal ho sendast til Bufdir for behandling.

Vurdering

Barne fattigdomsmidlane til prosjekt i Meland i 2016 førte til godt mottekne tilbod der målgruppa blei nådd, i tillegg til barn og familiar som opplever fattigdomsproblematikk utan nødvendigvis å vera registrert i det offentlege systemet.

Det er komme inn 4 søknader frå Meland.

Vurderinga av søknadene skal ha bakgrunn i Bufdir sine krav om kva aktivitetar det kan søkjast tilskot til:

- «a) bidrar til at barn og ungdom berørt av fattigdomsproblemer og deres familier kan delta i kultur- og fritidsaktiviteter
- b) bidrar til at barn og ungdom berørt av fattigdomsproblemer og deres familier kan delta i ferieaktiviteter
- c) bidrar til deltakelse for barn og ungdom berørt av fattigdomsproblemer på alternative mestringsarenaer.»

Bufdir legg vekt på at dei i sakshandsaminga av søknadane kan leggje vekt på:

- « * Søknader fra kommuner og bydeler med store levekårsproblemer.
Tiltak som skjer i et samarbeid mellom frivillig sektor og forebyggende tjenester.
Tiltak som fremmer integrering av barn og ungdom med innvandrerbakgrunn.
Tiltak som retter seg mot barn og ungdom som vokser opp med foreldre med rusproblemer/psykiske vansker.»

Knutepunktsgruppa har i møte 9.januar 2017 sett opp følgjande prioritert liste med vurdering / grunngjeving:

1. «Hengestedet» tenesteområdet kultur
2. «Kultur på kort» Meland frivilligsentral
3. «Sommaraktivitetar for barn» Meland frivilligsentral
4. «Film i bygden» Ungdomslaget Framsteg

Knutepunktsgruppa understrekar at dei meiner alle søknadene er gode prosjekt som fortener støtte. Søknadene og vurdering/grunngjeving frå knutepunktsgruppa til prioriteringa følgjer saka som vedlegg.

Ungdomsrådet handsama saka i møte 19.januar, der dei gjorde ei vurdering av søknadane og

knutepunktgruppa si liste og kom med følgjande prioritering:

1. «Sommaraktivitetar for barn»
2. «Hengestedet»
3. «Kultur på kort»
4. «Film i bygden»

Ungdomsrådet vurderte via avstemming alle søknadene opp mot Bufdir sine formål, prioriteringar og kriterier i eit eige vurderingsskjema. Prioriteringslista er sett opp etter kor høgt dei ulike søknadane treff formål, prioritering og kriterier. Sjå vedlegg

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Knutepunktgruppa har vurdert søknadane og sett opp prioriteringsliste slik Bufdir krev.

Ungdomsrådet har gitt innspel til lista og foreslår endringar på prioriteringslista.

Framlegg til vedtak:

Alternativ 1:

Utval for levekår godkjenner prioriteringa av søknadane til nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom slik den ligg føre i vurderinga frå Knutepunktgruppa.

Alternativ 2:

Utval for levekår godkjenner prioriteringa av søknadane til nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom slik den ligg føre i vedtak frå Ungdomsrådet sak 06/17

Utval for levekår - 06/2017

ULK - behandling:

Øystein Blom (H) fekk permisjon frå kl. 12.15 og var ikkje med på handsaminga av denne saka.

Tilleggsframlegg frå Stian Lavik (Krf):

"Alternativ 3: Som alternativ 2, men med slik prioritering:

1. Sommaraktivitetar for barn
2. Kultur på kort
3. Film i bygden

4. Hengestedet"

Avrøysting:

1. Tilleggsframlegget frå Stian Lavik fekk **3 røyster for** (1 Krf, 1 Sp, 1 V) og **5 røyster mot** (2 Ap, 1 H, 1 Frp, 1 MDG), og **fall**.

2. Alternativ 1 fekk **8 røyster mot** (1 Sp, 1 Krf, 1 V, 2 Ap, 1 H, 1 MDG), og **fall**.

Alternativ 2 fekk **8 røyster for** (1 Sp, 1 Krf, 1 V, 2 Ap, 1 H, 1 MDG), og vart **vedteke**.

Tilleggsframlegg frå Charles Lindberg (V):

"Utval for levekår berømmar Ungdomsrådet for god prosess og arbeid i saka."

Avrøysting:

Tilleggsframlegget fekk **8 røyster for** (1 Sp, 1 Krf, 1 V, 2 Ap, 1 H, 1 MDG), og vart **vedteke**.

ULK - samrøystes vedtak:

"Utval for levekår godkjenner prioriteringa av søknadane til nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom slik den ligg føre i vedtak frå Ungdomsrådet sak 06/17.

Utval for levekår berømmar Ungdomsrådet for god prosess og arbeid i saka."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nina Randal	TI - &14, FA - F08	17/223

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
07/2017	Utval for levekår	PS	07.02.2017

Frivilligmelding

Vedlegg:

Frivilligmelding Meland 1 pdf

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Styret i Meland Frivilligsentral gjorde i møte 5.mai 2014 vedtak om å rå til at Utval for levekår iverksette oppstart av Frivilligmelding i Meland.

Saka vart handsama i Utval for levekår 3.juni 2014:

ULK - vedtak:

Utval for levekår iverkset oppstart av Frivilligmelding i Meland. Arbeidsgruppa og mandat blir som skissert under konklusjon. Utval for levekår er styringsgruppe og får løypemeldingar undervegs i prosessen. Frivilligmeldinga vert handsama i kommunestyret innan september 2015.

Vurdering

Meldinga søker å ta opp i seg mandatet som er å kartleggje frivillige lag og organisasjonar, og syne at dei legg ned arbeid i ulike samfunnssektorar. Nye arenaer for frivillig innsats. Trekke opp liner for korleis kommunen kan styrke arbeidet med å auke frivilligheita og tydeleggjere kva frivillig sektor kan forvente i samarbeid med kommunen.

Utkast til Frivilligmelding er no klar til offentlig ettersyn. Kulturtenesta ser for seg eit kort ettersyn der ein nyttar ulike kommunikasjonskanalar for å nå målretta ut til publikum, lag og organisasjonar og ulike instansar og partar.

Vidare er Utval for Levekår styringsgruppe for arbeidet, og det kan vera nyttig med ein diskusjon og innspelsrunde i møtet.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Utkast til Frivilligmelding for Meland er klar til offentlig ettersyn.

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår godkjenner

1. Frivilligmelding for Meland til offentlig ettersyn
2. Frivilligsentralen innarbeider eventuelle innspel frå møtet
3. Meldingsutkastet vert lagt til eit kort offentlig ettersyn ved første høve.

Utval for levekår - 07/2017

ULK - behandling:

ULK - samrøystes vedtak:

"Utval for levekår godkjenner

1. Frivilligmelding for Meland til offentlig ettersyn
2. Frivilligsentralen innarbeider eventuelle innspel frå møtet
3. Meldingsutkastet vert lagt til eit kort offentlig ettersyn ved første høve."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - L80	16/2194

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
08/2017	Utval for levekår	PS	07.02.2017

Informasjon om planar for uteområde ved Sagstad skule

Saksopplysningar:

Ronny Landaas, prosjektleiar frå Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK) vil orientere om planar for uteområde ved Sagstad skule. Han vil også informere om vurderingar relatert til gamalt symjebasseng ved skulen.

Framlegg til vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon til vitande»

Utval for levekår - 08/2017

ULK - behandling:

ULK - samrøystes vedtak:

«Utval for levekår tek informasjon til vitande.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Rita C. Kvalheim Sætre		17/31

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
09/2017	Utval for levekår	PS	07.02.2017

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår - 09/2017

ULK - behandling:

1. Utval for levekår drøfta gjennomføring av komande temamøte 23.02.17.
2. Utval for levekår drøfta skriv fra AP, dagsett 02.02.17, og skriv frå Randi Minde, dagsett 07.02.17. Minde gav og munnleg orientering i møte. Utval for levekår var enige om å sende følgjande melding til formannskapet:

"Til Meland formannskap v/ordfører Øyvind Oddekalv

Frå Utval for levekår

Sak 9: Aktuelle saker

På bakgrunn av innsendt sak frå Meland Arbeidarparti v/Tom Inge Karlsen til møtet i Utval for levekår 07.02.2017 informerte tenesteområdeleiar Randi Minde om den pressa situasjonen på Meland sjukeheim.

Sjå vedlegg frå Meland Arbeidarparti og Randi Minde si orientering.

Utval for levekår vil orientera Meland formannskap om vår bekymring om mangel på naudsynte sjukeheimplassar.

Denne situasjonen har også ringverknader for heimetenestene.

Eit samrøystes Utval for levekår ber formannskapet arbeida med denne saka snarast råd."

3. Sølvi Knudsen (Sp) orienterte om formannskapet sitt arbeid med FS-sak 11/2017 om kyrkje/kulturhus.

4. Skulefagleg rådgjevar Reidun Johannessen orienterte om status samarbeidsutval jamfør ULK-sak 88//2016.

ULK - samrøystes vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.